

**Prosjektnamn**

ISO-sertifisering og implementering av kvalitetssystemet ved Haugesund Fertilitetssenter.

**HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet**

Helse-Fonna/Kvinne/barn klinikk/Hagesund Fertilitetssenter

**Kontaktperson/prosjektleder**

Inga H. Bakkevig, seksjonsleiar/Sissel Aakre Bøe, kvalitetskoordinator

**Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt**

For å kunne tilfredsstillere FOR 2008-03-07 nr 222: Forskrift om krav til kvalitet og sikkerheit ved handtering av humane celler og vev og få godkjenning som vevssenter var eitt av hovudkrava at avdelinga kunne vise til eit godkjent kvalitetssystem. Ein følte også behov for ei betre oversikt over og kontroll med prosessane. Vi valde då å byggje opp kvalitetssystemet i tråd med ISO-standard 9001:2000 og gjekk inn for sertifisering. Det Norske Veritas blei vald som sertifiseringselskap.

**Formål med prosjektet / forbetningsmål**

Formålet med prosjektet er å implementere eit godt kvalitetssystem i avdelinga. Styring og kontroll av prosessar samt kontinuerleg forbetring er dei viktigaste elementa i ISO 9001:2000. Kontinuerleg forbetring skal oppnåast ved å avdekkje avvik, avklare årsak og setje inn tiltak, ved pasientundersøkingar og risikoanalysar samt å ha fokus på resultat og objektive måletiltak (kvalitetsindikatorar). Arbeidet med dette skal bidra til betre måloppnåing, sikker drift, færre avvik og betre resultat på område vi veljer å fokusere på.

Dei kliniske resultatata ved ei fertilitetsavdeling er lett målbare (talet på barn per behandling), og blir kontinuerleg overvaka. Eit forbetningsmål er at fleire pasientar skal få frose ned embryo.

**Metodisk tilnærming / evaluering av effekt:**

Vi har vald å byggje opp kvalitetssystemet med og innanfor egne ressursar, og har involvert heile avdelinga i arbeidet. Vi har fått noko bistand frå IK-ansvarleg og Synergi-ansvarleg. Gjennom sertifiseringsprosessen og tilbakemelding frå Veritas har vi lært og justert kursen, og blei formelt sertifisert i oktober.

**Vidare planar:**

Hospitering ved IVF-senter (Fertilitetssentrum Gøteborg) som i fleire år har vore sertifisert og som kan vise til svært gode resultat. Hospitering ved St. Olavs i Trondheim; dei er blant dei leiande i Europa når det gjeld nedfrysing av embryo. Kurs/hospitering for å optimalisere lab.drifta og behandling av pasientane.

Evaluering av effekt vil skje fortløypande ved implementering av kvalitetssystemet; ved evaluering av mål-og handlingsplanar, ved interne revisjonar og gjennomgang av leiinga.

**Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen.**

Webbasert kvalitetssystem og prosedyrar som er tilgjengelege for alle i helseføretaket. Tileigna kompetanse som kan nyttast til å hjelpe andre avdelingar i Helse Fonna til å byggje opp tilsvarande kvalitetssystem.